



## SKJÅK KOMMUNE

### Vilt og fisk møte nr 3-24 30. april kl 09:00

Møtt	Faste representantar	Møtt	Vara (i prioritert rekkefølge):
X	Øystein Breie, leiar		Morten Brekkum
X	Per Olav Haugen		Cesilie Aaboen Dagsgard
X	Marianne Stensgård		Per Dagsgard
X	Pål Eiesar		Liv Oddrun Maurstad
X	Tor Erik Myhren		Randi Rust

Sekretær: Tor Taraldsrud, [tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no](mailto:tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no)

### 3. Søknad om godkjenning av bestandsplan for elg, hjort og rådyr 2024-2026

Mål i frå forvaltningsplanen til Skjåk kommune:

**Elg:** Stabil bestand med eit jaktuttak på 45-65 elg pr år. Det tilsvarar ein vinterstamme på 273-345 (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,51, sett ku/ukse - 1,20, fallvilt – 31). Produktiviteten i stamma er såpass låg at det må til ein større vinterstamme for å produsere same antal kalvar som tidlegare. Ein reduksjon av stamma og minska ukseandel gjer at ein på sikt truleg vil få ein meir produktiv stamme med mindre fôrforbruk og ein mindre vinterstamme.

**Hjort:** Stabil bestand med eit jaktuttak på 135-175 hjort pr år. Det tilsvarar ein vinterstamme på 442-561, (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,63, sett hind/bukk – 1,15, fallvilt – 14). Tilsvarande mål definert ut i frå vårteljing: 500. Begge måla tilsvarar ein bestand som er noko mindre enn i dag.

#### Elg

I forvaltningsplanen er det gjort ei vurdering av elgbestandens storleik på grunnlag av ulike indeksar. Konklusjonen er at bestanden er redusert, men at det er noko usikkerheit rundt kor langt ned ein har kome og om ein nærmar seg bestandsmålet. For å nå målet om ein redusert vinterstamme blir det også viktig å legge opp til ei auke i ku-/ukseforholdet.

Vedlegg 1 syner ei framskriving av elgbestanden med ulike utgangspunkt for vinterstamma i dag. Om ein reknar på utvikling i elgbestanden dei siste fem åra med dei parametranne ein har frå sett-elgdata, er det sannsynleg at vinterstamma no er ein plass i intervallet 275 – 350. Med den avskytinga bestandsplanen no legg opp til går det fram at ein vil få ein tydeleg redusert elgstamme sjølv med ein vinterstamme på 350 dyr som utgangspunkt.

I ein periode med reduksjonsavskyting er det fornuftig å skjerme gode produksjonsdyr for å unngå kollaps i stamma. Det kan gå raskt å redusere stamma om ein tek ut gode produksjonsdyr, men om ein gjer det i for stor grad kan det gi negative utslag på kondisjon (bestand dominert av unge dyr, med sein brunst og forsinka kalving). Det er fornuftig å legge vekt på å få ut enno fleire mindre dyr. Andelen småukse i avskytingsmodellen er stor, det er nok rett prioritert for å kunne auke ku-/okseforholdet.

## Hjort

Vårteljing på innmark syner at hjortestamma vart noko redusert i førre periode. Sett-hjortdata syner ikkje same trenden, men dette kan kanskje delvis skuldast endring i registreringsmetodikk og bruk av andre hjelpemiddel (termisk). Hjortebestanden i Skjåk blir truleg sterkt påverka av migrasjon. Det er derfor usikkerheit til kva bestandsendring ein klarer å oppnå gjennom jakt. Vi har liten oversikt over omfanget av migrasjon, truleg kan det variere mykje frå år til år.

For å gi rettshavarane stort handlingsrom er det fornuftig å legge opp til like stor kvote som i førre periode. Bestandsplanen legg opp til å auke avskytinga med 20 dyr årleg i høve til snittet for førre periode. Det blir viktig å utnytte den lange jakttida ein har på hjorten og organisere jakta slik at hjorten kan bli jakta på der den er til ei kvar tid.

Det er fornuftig å legge opp til ein avskytingsmodell som gjer det enkelt for jegerane å kunne felle hjort (t.d. kategorien kalv/ungdyr/8 taggar). Høgt uttak av vaksen hind må også til om ein skal klare å redusere hjortestamma. Det kan vera utfordrande å få til i og med at ein alltid skal skyte kalven før morddyret og at det ikkje er alltid ein greier å skyte begge. Vi er også einige med bestandsplanområdet i at det er fornuftig å spare store bukkar, slik at ein får fleire attraktive brunstområde og betre fordeling av hjorten utover i kommunen i ein større del av jakta. God fordeling av dyra vil bidra til meir effektiv avskyting.

## Rådyr

Kvotene det er søkt om for neste periode er lik som i førre periode. Fellingsstatistikken tyder at rådyrbestanden i Skjåk har hatt positiv utvikling den siste perioden. Erfaring frå fellingstala på rådyr kan tyde på at redusert bestand fører til mindre interesse for rådyrjakt og lågare fellingsprosent. Snømengde og innslag av gaupe er andre faktorar som påverkar rådyrbestanden. Valda har moglegheit til å redusere utdeling av jaktkort til jegerar om dei meiner at jaktuttaket blir for høgt. Vi ser derfor liten risiko i å oppretthalde høg tildeling til valda sjølv om bestanden kan svinge ein del.

I følgje § 7 i Naturmangfaldlova skal forskriftsendringar vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Kommunen har lange tidsseriar med sett-elg og sett-hjort data og fellingsstatistikk for alle tre artane. Registrering av irregulær avgang blir ført systematisk. Til saman gjer dette eit godt kunnskapsgrunnlag.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var -prinsippet er ikkje naudsynt å bruke.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Effekten av planen er vurdert som positiv for utviklingen av hjorteviltbestandene og dei konsekvensane det har for naturmangfaldet.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikkje relevant i denne saka.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Ikkje relevant i denne saka.

## **Innstilling:**

Bestandsplan for 2024-2026 innan bestandsplanområde for Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd blir vedteke.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 16

## **Behandling:**

Utvalet tykkjer bestandsplanområdet har utarbeida ei veldig grundig bestandsplan og drøfta dei viktige utfordringane ein har i hjorteviltforvaltninga i Skjåk. Avskytingsmodellen legg opp til gode løysingar for å nå måla i den kommunale forvaltningsplanen.

Samrøystes.

**Vedtak:**

Bestandsplan for 2024-2026 innan bestandsplanområde for Skjåk Almenning og Skjåk Utmarksråd blir vedteke.

Heimel: Hjorteviltforskrifta § 16